

Historiske dagar hausten 2009

Historiske dagar hausten 2009

I samarbeid med Sunnmøre Museum arrangerte Volda vgs. historiedag for 100 elevar i 3. klasse studiespesialisering. Ein heil dag var avsett til ute- og inneaktivitetar på Haualeitet, i Rotsetfjæra (v. Garvarbuda) og på Voldsfjorden. Elevane fiska, rodde og segla , laga mat og åt den, mm.

Elevane vart delte i to grupper, den eine hadde historiedag tysdag 15. sept, den andre fredag 18. sept.

Dette er ei oppfølging av historiedagane frå i fjor, med nokonlunde same innhald. Nytt i år er at elevane (friviljug) fekk vere med på å tilberede slakt, skylje tarmar bl.a.

Elevane var innom desse hovudtemaa: garden, sjøen, næringsutvikling og opplysingstid.

Føremålet med historiedagen er at elevane skal få auka forståing av korleis folk levde tilbake i tid ved å sjå, høyre, lukte, smake, kjenne på og prøve. Med andre ord la elevane frå seg PC-en, mobiltelefonen, i-poden og andre elektroniske duppedittar - til og med papir og penn, og møtte med opne sansar og godt kledde til å vere ute.

Klikk på peikaren under for å sjå/laste ned ein presentasjon frå dette flotte tiltaket. Tekst og foto:

Lars Ørstavik

[Historisk dag 09](#)



2009.09.21 9:18

Nei